



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Firda, Fylkeshuset</b>
<b>Møtedato</b>	<b>23.09.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>Kl 10:00 – 14:45</b>

**Arnstein Menes Sp**  
**Anders Ryssdal Sp**  
**Björg Bergheim Sp**  
**Helen Hjertaas Ap**  
**Odd Atle Stegegjerdet Ap**  
**Olin Johanne Henden**  
**Ole Gunnar Krakhellen H**  
**Frank Willy Djuvik Frp**  
**Norunn Lunde Furnes Krf**

**Til stades med møte- og talerett:** **Velaug Veum**

**Sekretariat for møtet:** **Oddveig Hove/Marit Silje Årnes Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 25.06.2014 vart godkjend utan merknader.

**Munnleg orientering:**

Arbeidsgruppe Sognebåten v/ordførar Harald Offerdal og direktør i Visit Sognefjord Ståle Brandshaug

Anbudsopplegg for regionale flyruter v/Ole Ingar Hæried

Informasjon om Kollektivtrafikk v/Øystein Hunvik

Møte om nasjonale turistvegar 7. oktober på Høgskulebygget, Sogndal

**SAK 39/14      Søknad om ny avgang på NX170 Sogn og Fjordane ekspressen**

**VEDTAK:**

NX170 Sogn og Fjordane ekspressen får utvida tilbodet sitt med ein ny avgang frå Sogndal og Oslo etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 06.10.2014 til 06.10.2024 for avgang frå Sogndal kl. 05.20 med retur frå Oslo kl. 16.00.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Forslag til ruteplan i søknad av 16.05.14 vert lagt til grunn. Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- d) For reiser innanfor fylkesgrensa gjeld fylkeskommunale takstar og stoppmønster.
- e) Materiellet på ruta skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne eller det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov, jamfør rundskriv N-2/2006.
- f) Det er tillatt å utføre lokaltrafikk, dvs. ta opp og setje av dei same passasjerane på heile strekninga innan Sogn og Fjordane og mellom desse haldeplassane i Buskerud: Tuv, Trøim (Hemsedal), Gol skystasjon, Nesbyen (Shell), Bromma, Flå, Gulsvik (Statoil), Ørgenvika og Sokna. Ingen lokaltrafikk på strekninga Hønefoss – Oslo.
- g) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

-----  
**SAK 40/14      Søknad om fornya ruteløyve**

**VEDTAK:**

Nettbuss Sør, region Sogn og Fjordane får fornya ruteløyva for persontransport på strekningane Årdal – Tyin, Sogndal – Fortun/Krossbu – Otta og Sogndal – Hella – Vik - Voss på følgjande like vilkår for alle rutene:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.08.2014 til 31.07.2024
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Lokal persontransport i andre fylke skal berre utførast etter godkjenning av den aktuelle fylkeskommune.
- d) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyve skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Materieil som vert nytta skal vere tilpassa funksjonshemma passasjerar, mellom anna brukarar av rullestol.

-----  
**SAK 41/14      Bruer på fylkesvegane. Bygging og vedlikehald - med same standard som for riksvegane bærande konstruksjon på fylkesveg (bruforskrift for fylkesveg)**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:  
Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet tek den nye bruforskrifta til orientering.

2. Krava i bruforskrifta kan påføre Sogn og Fjordane fylkeskommune store ekstra kostnader dersom det ikkje vert gitt høve til fråvik frå forskrifta. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ber om at ev. meirkostnader som følgje krav i bruforskrifta vert kompenserte.

**Endringsframlegg:**

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til endring i punkt 2:

2. Krava i bruforskrifta kan påføre Sogn og Fjordane fylkeskommune store ekstra kostnader dersom det ikkje vert gitt høve til fråvik frå forskrifta. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane krev at meirkostnader som følgje krav i bruforskrifta vert kompenserte.

**Avrøysting:**

Framlegget frå hovudutvalet til nytt punkt 2 vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet tek den nye bruforskrifta til orientering.
2. Krava i bruforskrifta kan påføre Sogn og Fjordane fylkeskommune store ekstra kostnader dersom det ikkje vert gitt høve til fråvik frå forskrifta. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane k om at meirkostnader som følgje krav i bruforskrifta vert kompenserte.

-----  
**SAK 42/14 Fv 575 - Søknad om namneendring - Berletunnelen**

**VEDTAK:**

Berletunnelen på fv. 575 i Bremanger kommune får endra namn til Berleporten.

-----  
**SAK 43/14 Vurdering av alternativ for utbetring av fv. 55 i Høyangertunnelen**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 170 mill. 2014-kroner
2. Det skal gjennomførast minimumstiltak for at det skal vere forsvarleg å halde tunnelen open. Det skal dessutan gjennomførast utbetringstiltak tilpassa tunneltryggleiksforskrifta, sjølv om denne ikkje er gjort gjeldande for fylkesvegnett.
3. Tilhøyrande kostnader skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet.

**Endringsframlegg:**

Høgre sette fram slikt framlegg til nye punkt i stadenfor tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 220 mill. 2014-kroner.
2. Det skal gjennomførast ei full utbetring av Høyangertunnelen inkludert digitalt naudnett og DAB-radio.
3. Det skal gjennomførast drøftingar med Sognekraft om medfinansiering av meirkostnaden av det å gå for alternativ c.
4. Tilhøyrande kostnader skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet.

**Avrøysting:**

Norunn Lunde Furnes, Ole Gunnar Krakhellen og Olin Johanne Henden røysta for Høgre sitt framlegg. Arnstein Menes, Anders Ryssdal, Bjørg Bergheim, Helen Hjertaas, Odd Atle Stegegjerdet og Frank Willy Djuvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 170 mill. 2014-kroner
2. Det skal gjennomførast minimumstiltak for at det skal vere forsvarleg å halde tunnelen open. Det skal dessutan gjennomførast utbetringstiltak tilpassa tunneltryggleiksforskrifta, sjølv om denne ikkje er gjort gjeldande for fylkesvegtunnelar.
3. Tilhøyrande kostnader skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet.

-----  
**SAK 44/14      Søknad om fråvik frå krav til utforming av rekkverk på  
fv. 53 ved Steiggjetunnelen i Årdal**

**VEDTAK:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fråvik frå vegnormalane sine krav til utforming av betongrekkverk ved fv. 53 Steiggjetunnelen blir godkjent.

-----  
**SAK 45/14      Tertialrapport 2/14**

**VEDTAK:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2014:**

1. Budsjetterte skatteinntekter vert redusert med 7,500 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 0,249 mill. kr.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte budsjettendringar når den fylkesvise fordelinga av auka statleg DAA-kompensasjon vert kjent. Det er ein føresetnad at ramma til samferdsle vert auka tilsvarende auken i rammetilskotet.
4. Budsjetterte renteinntekter vert redusert med 0,500 mill. kr.
5. Forventa utbytte vert auka med 0,943 mill. kr.
6. Budsjetterte konsesjonskraftinntekter vert redusert med 1,800 mill. kr.
7. Driftsbudsjettet vert saldert mot bufferfondet med ei avsetting på 5,441 mill. kr.

8. Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 0,518 mill. kr med slik fordeling:
  - Teneste 4005 *Til disposisjon for utvala* vert redusert med 0,200 mill. kr.
  - Teneste 4100 *Kontrollutvalet og revisjon* vert redusert med 0,318 mill. kr.
  
9. Det ordinære sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 10,231 mill. kr med slik fordeling:
  - Teneste 5100 *Utgifter til lokale* vert redusert med 1,000 mill. kr.
  - Teneste 5101 *Vedlikehald og drift skulebygg* vert redusert med 0,980 mill. kr.
  - Teneste 5151 *Fellesutgifter* vert auka med 0,100 mill. kr.
  - Teneste 5200 *Pedagogisk leiing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma* vert redusert med 6,000 mill.kr.
  - Teneste 5201 *Pedagogiske fellesutgifter* vert redusert med 3,300 mill. kr.
  - Teneste 5202 *Gjesteelevar* vert redusert med 0,500 mill. kr.
  - Teneste 5203 *PC-ordninga / teneste 5211 Gratis læremiddel* vert redusert med 1,000 mill. kr.
  - Teneste 5701 *Opplæring i bedrift* vert auka med 1,549 mill. kr.
  - Teneste 5702 *Fagprøver* vert auka med 1,000 mill. kr.
  
10. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,400 mill. kr knytt til forsert innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen. Reduksjonane har slik fordeling:
  - Teneste 5100 *Utgifter til lokale* vert redusert med 0,800 mill. kr.
  - Teneste 5150 *Forvaltning og fellesutgifter* vert redusert med 1,100 mill. kr.
  - Teneste 5200 *Pedagogisk leiing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma* vert redusert med 1,500 mill.kr.
  
11. Sektorbudsjettet til samferdsle får gjennomført slike omdisponeringar:
  - Teneste 7221 *Driftsmidlar overført til investering* får tilført 4,500 mill. kr.
  - Teneste 7300 *Buss – Kjøp av teneste* vert redusert med 1,000 mill. kr.
  - Teneste 7301 *Buss – Skuleskyss grunnskulen* vert auka med 0,600 mill. kr.
  - Teneste 7306 *Diverse kollektiv* vert redusert med 0,800 mill. kr.
  - Teneste 7322 *Båt – Ekspres og lokalruter* vert redusert med 2,700 mill. kr.
  - Teneste 7331 *Tilrettelagt transport* vert redusert med 0,600 mill. kr.

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2014:**

1. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.
2. Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

**C. Andre område**

1. Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
2. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 4 vert teken til vitande.

-----  
**SAK 46/14      Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2019 - Samferdsle**

**VEDTAK:**

1 Hovudutval for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda i 2015 og 2016 ( i mill. kr)

<b>Programområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	400,505	374,469	324,447
730 Bilruter	264,221	264,742	259,042
731 Fylkesvegferjer	97,422	99,682	107,640
732 Båtruter	120,520	121,107	117,707
733 Tilrettelagd transport	9,671	9,909	9,909
<b>Sum</b>	<b>892,339</b>	<b>869,909</b>	<b>818,745</b>

2 Hovudutval for samferdsle legg førebels til grunn følgjande fordeling av innsparingskrav på 24 mill. kr i 2015 og 84 mill. kr i 2016:

<b>Område</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Uføre sette hendingar på fylkesvegnettet	-15,0	- 15,0
Drift og vedlikehald på fylkesveg	-7,5	-56,4
Ruteproduksjon – buss	-1,5	-7,2
Ruteproduksjon – båt		-3,4
Fylkesvegferjer		-2,0
<b>Sum</b>	<b>-24,0</b>	<b>-84,0</b>

3 Det vert sett av 0,45 mill. kr årleg i driftstilskott til ferjesambandet Solvorn-Ornes i Luster kommune så lenge ferja dekkjer behovet for skuleskyss.

4 Hovudutval for samferdsle legg førebels til grunn ei fordeling av investeringsprogram for fylkesvegar slik det går fram i pkt. 7 i saksutgreiinga.

-----

**SAK 47/14      Skriv og meldingar - Hovudutval for samferdsle  
23.09.2014**

**Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:**

- 1a: E39 gjennom Gloppen
  - 1 b:225310\_1\_A.pdf
  - 2: Omklassifisering av vegnettet som følge av ny E39 Kivsvegen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylker
  - 3: FV 60 uttale frå bedrifter.pdf
  - 4: Uttale om prioritering av FV 60 Hornindal
  - 5: Om 20-minuttsavgangar på E39 Anda-Lote frå 1.1.2016
  - 6: Uttale Aurland og Hol formannskap
  - 7: Prioritering av fylkesveg 60 gjennom Honindal
  - 8: Vedrørande takstsoner på ferjestrekninga Askvoll - Gjervik
  - 9: Svar – Vedrørande takstsoner på ferjestrekninga Askvoll – Gjervik
  - 10: Fylkesveg 60 Tomasgard - Røyarhus bru
-